

Alexander Bue Gjerstad  
Fløsvikvegen 42  
5915 HJELMÅS

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/3212 - 22/71767

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
[larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no)

Dato:  
19.09.2022

## **Handsaming av klage på gebyr - gbnr 195/67 murar og trapp Leiknes**

Saka gjeld klage på gebyr i byggesaka 21/3212 mottatt 06.09.22.  
Det vart gjeve løyve til oppføring av murar og trapp i vedtak datert 31.08.22.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Alver kommune 2022, føreseggn 9, vert klaga på gebyr teke til følgje. Faktura skal krediterast.**

**Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.**

### **SAKSUTGREIING**

Tiltakshavar har i e-post datert 06.09.2022 klaga på fakturert saksbehandlingsgebyr for løyve til oppføring av murar og trapp på gbnr. 195/67 i vedtak datert 31.08.22. Tiltakshavar har i sin klage anført følgjande:

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Klager på gebyr for min byggesak: 21/3212-22/65299 Gbnr: 195/67

Viser til pkt. 9 i gebyrregulativet om redusert gebyr.

Eg meiner at kommunens saksbehandlingstid avviker vesentlig frå gjennomsnittleg saksbehandlingstid for denne typen saker.

Meiner at kommunen av eige initiativ burde ha redusert gebyret, ref. pkt. 9. til kr. 0,-

Frå saken ble sendt inn til eg fekk respons gjekk da 15 mnd. der eg har forsøkt dialog før og etter innsending om å få klarhet om da foreligg mangler og kva dokumentasjonen som var krevd før innsending.

Først etter 15 mnd. får eg beskjed om da trengs tilleggsdokumentasjon i saka, derfor er den ikkje behandla før 23.6.2022, der frist for svar var 1. september.

Tilleggsinformasjon som det var behov for, var materialvalg for trapp. Grunnet ferie, ble denne informasjonen oppgitt igjen 26.8.2022 via telefon og mail 29.8.2022, innenfor fristen.

Men, denne informasjonen har kommunen hatt tilgjengelig siden 9.4.2021.

At trappen skulle oppføres i tre, står nevnt fleire gonger i vedlagt vedlegg "vurdering av søknadsplikt", som var vedlagt i mail/søknad, 8.4.2021, registrert hos kommunens postmottak 9.4.2021.

Slik eg ser da er saka en 3 vekers sak, som har overstige saksbehandlingstiden med ca. 14-15 måneder, der da aldri var mangler med søknad eller et reelt behov for tilleggsinformasjon.

Tiltakshavar meiner at gebyret bør reduserast til kr. 0 etter gebyrregulativ føresegn 9 for Alver kommune 2022 ettersom søknad om løyve vart motteke 09.04.21 og handsama 31.08.22.

Tiltakshavar viser til at det i gebyrregulativ for Alver kommune 2022 pkt. 9 kan søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er mottatt.

### Vurdering

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

Gebyret er fakturert i samsvar med Alver kommune si lokale forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste for 2022.

### Søknad om redusert gebyr

Faktura for handsaming av byggesøknad vart motteke av tiltakshavar den 31.08.2022. Klaga vart motteke kommunen den 06.09.2022. Administrasjonen finn difor grunnlag for å vurdere klaga som ein søknad om redusert gebyr etter gebyrregulativ for Alver kommune pkt. 4 (pkt. 9 i gebyrregulativ for Alver kommune 2022 som tiltakshavar viser til).

Gebyrregulativa opnar for at kommune kan redusere gebyr av eige initiativ når kommune sitt arbeid med ein sak avviklar vissentleg frå gjennomsnittleg sakhandsamingstid. Det kan også

søkjest om redusert gebyr «når særlege grunnar ligg føre». Fristen for å søkje er 3 veker etter at faktura er motteke.

Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnadene knytt til den enkelte sakstype. Det er ikke ført timelister for behandlinga av søknaden. Gebyret er fastsett på bakgrunn av det gjeldande gebyrregulativet, her gebyrregulativ for Alver kommune 2022.

Det er i vedtaket av 31.08.22 vore vurdert at saka var mangefull fram til 29.08.22, men i ettertid er kommune samd med klagar i at utgreiing om tiltaket ligg i saka frå før av. Tidsforbruket for handsaming av denne saka tiltaket ligg utanfor dei gjennomsnittlege sakshandsamingstid kommunen har ved behandling av slike enkle saker.

Kommunen kan sjå at grunngjevinga i klagen gjev grunnlag for redusert gebyr til kr.0 -.

## Mynde

Saka er handsoma og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2.3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagan skal sendast skriftleg til kommunen. I klagan skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagan skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar Larissa Dahl  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Vedlegg:

## Klage på gebyr - gbnr 195/67 Leiknes Vurdering av søknadsplikt, gbnr 195/67

## Mottakarar:

Alexander Bue Gjerstad

Fløsvikvegen 42

5915 HJELMÅS